

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: 5IARBY

Registrert dato: 22.02.2019 11:28:11

Innleiing	
Uttalen blir gjeven	
<input checked="" type="radio"/> Personleg	
<input type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining	
Opplysningar om innsendaren	
Førenamn	
Geir	
Etternamn	
Wergeland	
Adresse	
Veråsvegen 3	
Postnummer	Poststad
5955	LINDÅS
Telefon	
90093570	
E-post	
g-wer@online.no	

Høyringsuttale
Høyringsuttale
Velj høyringsuttale:
<input checked="" type="radio"/> Lindås barnehage
Uttale
Vedrørande SAK 161-18 Reguleringsplan Lindås Barnehage – 1 gh 121218.
<p>Som eigar av GBNR.108/82 og 84 er eg positiv til at krysset fv. 400 x fv. 398 vert utbetra. Det burde likevel gå an å gje ein betre utforming av krysset, samt som at det vert meir oversikteleg for fleire trafikantar. Dette treng nødvendigvis ikkje å gå på kostnad av bustad GBNR.108/82 og 84.</p> <p>Dette kan til dømes løysast med å setje ned fartsgrensa. Ved å forlengje og innføre 30 sonen i alle retningar inn mot krysset minkar ein krava for sikt og eventuelt kurveradius.</p> <p>Det framtidige "T" krysset bør strekkast nærmare kunstgrasbana. Det er meir enn nok areal å ta frå vegetasjonen mellom eksisterande veg og kunstgrasbana. Gjer ein dette så forhindrar ein unødvendig bruk av midlar for å fjerne eksisterande mur.</p> <p>Då slepp ein å lage ny mur og å tilpasse innkøyrsla til bustadeigedomen for å sikre tilstrekkeleg sikt i sving jf. Punkt 4.3 i planomtala. Eksisterande hekk ved muren blei i si tid planta for å redusere innsyn og støy.</p> <p>Reguleringsplanen tek ikkje for seg dei mjuke trafikantane som kjem frå Lindåshallen og skulebusshaldeplassane. Desse mjuke trafikantane er ofte på veg retning bensinstasjon. Dei nyttar ikkje dagens gangfelt, men vel heller å gå/sykle den raskaste vegen som er rett ut i krysset via innkøyrselen til bustaden. Dermed meiner eg at det bør setjast opp ein fysisk hindring som forhindrar dette. Dette er eit bidrag som er viktig for heile miljøet, fordi det er eit sikkerheitstiltak som vil kome innbyggjarane i bygda til gode. La oss førebyggje ei ulukke før den oppstår. Sidan fartsona er så høg som den er i dag er det fare for å skape farlege situasjonar for mjuke trafikantar. Dersom ein set ned fartsgrensa til 30-40 km/t og i tillegg set opp ein fysisk hindring vil ein unngå dette.</p>

Sidan det er vanskeleg å ordleggje seg når det kjem til krysset, oppfordrar eg til ein synfaring der alle Vedrørande partar møtast for å observere krysset når dei mjuke trafikantane kryssar det, ved skuleslutt (frå kl. 1400 og utover) er det størst pågang frå mjuke trafikantar.

Skulle ein likevel ikkje teke mine ønskjer til følgje, men heller følgje Reguleringsplanen må ny veg til GR.108, BR82/84 vere tilrettelagt slik at ein får lastebil opp til bustad.

Med helsing

Eigar av GBNR.108/82 og 84